


Kollektivstrategi for Hordaland

Høyringsutkast

Januar 2014





Kollektivstrategi for Hordaland kort fortalt

Kollektivstrategien skal

- vere fagleg grunnlag for prioriteringar i fylkeskommunen
- bidra inn i planar og utgreiingar hjå kommunar og etatar
- gi Skyss mandat i arbeidet med utviklinga av tilbodet

Skyss vil utvikle det beste tilbodet der flest reiser ved å

- styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane
- utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett
- vidareutvikle stamlinjene i Bergen
- utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet
- knyte regionane i fylket saman
- samordne offentleg transport i tynt befolka områder

Skyss vil tilby enkle reiser ved å

- gjere det enkelt å finne relevant informasjon om reisa
- gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne
- auke kunnskapen om kollektivreiser
- gjere kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom
- heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar

Skyss vil tilby effektive reiser gjennom

- å minimere stoppetid på haldeplass
- infrastrukturtiltak som får bussen fram
- restriktive tiltak for biltrafikken
- kollektivorientert byutvikling

Skyss vil sørge for miljøvenleg drift gjennom

- å sikre låge utslepp frå busstrafikken
- å redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken
- å vere pådrivar for forsking og fagleg utvikling

Innhold

Kollektivstrategi for Hordaland kort fortalt 3

Innhold 4

Forord 4

**1 Strategien er grunnlag
for prioritering og tiltak 5**

2 Ambisiøse mål krev felles innsats 6

3 Best tilbod der flest reiser 12

4 Enkle reiser 20

5 Effektive reiser 26

6 Miljøvenleg drift 32

Forord

Kollektivstrategi for Hordaland er utarbeidd med forankring i Regional Transportplan for Hordaland 2013-2024. Skyss har leia arbeidet gjennom ein brei og omfattande prosess.

Ei rekke delprosjekt har gitt gode faglege bidrag i arbeidet. Arbeidet har involvert statlege og kommunale etatar og operatørar. Fleire ulike fagmiljø har medverka med utgreiingar og med å få fram nødvendig dokumentasjon.

Gjennom arbeidet har vi opplevd stort engasjement og vilje til å bidra til at kollektivtilbodet skal vere attraktivt og tenleg for innbyggjarane i fylket.

Vi vil nytte høve til å takke alle som har bidrige i arbeidet så langt, og ser fram til vidare samarbeid i oppfølging av strategien. No håpar vi mange nyttar høyringsrunden til å gi tilbakemeldingar og innspel til strategiane.

Endeleg handsaming av Kollektivstrategi for Hordaland er planlagt i fylkestinget i juni 2014.

Januar 2014

Oddmund Sylta
direktør i Skyss

1

Strategien er grunnlag for prioritering og tiltak

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for den offentlege kollektivtransporten i heile fylket. Det er eit samfunnsoppdrag av stor verdi for innbyggjarane, og som grip inn i kvardagen til mange. Kollektivstrategien skal vere grunnlaget for å gjere riktige vegval i eit langsigtig perspektiv.

Skyss har utarbeidd Kollektivstrategi for Hordaland på vegne av fylkeskommunen. Dette er gjort gjennom ein brei prosess som gjer at innspeil frå mange ligg til grunn for innhaldet.

Kva er nytt?

Kollektivstrategien snur ikkje «opp-ned» på fylkeskommunen og Skyss si tenking. Kollektivtrafikken i fylket har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Vi har fått Bybanen i Bergen, men det er også gjort mange endringar med forenkling av rutetilbod, informasjonsarbeid og betalingsløysingar – og vi ser betydeleg passasjervekst.

Kollektivstrategien systematiserer og bygger vidare på desse gode erfaringane, og skal gjere prioriteringane tydelegare.

Korleis skal fylkeskommunen bruke kollektivstrategien?

Drift av kollektivtrafikken inneber store pengesummar, og fylkeskommunen står for det nødvendige økonomiske tilskotet til kollektivtilbodet. Kollektivstrategien skal vere fagleg grunnlag for prioritering av desse offentlege midla.

Kollektivstrategien skal også gi Skyss mandat i arbeidet med å utvikle tilbodet i åra framover. Kollektivstrategien vil vere Skyss sitt viktigaste styringsverktøy i dette arbeidet.

Med grunnlag i kollektivstrategien vil Skyss systematisere arbeidet med tilbodsutviklinga. Vi vil utarbeide trafikkplanar som viser oversikt over status og

framtidssutsikter i ulike område. Desse planane vil kunne ligge til grunn både for prioriteringar i gjeldande rutetilbod og for nye kollektivanbod framover.

Skal andre bruke kollektivstrategien?

Kollektivstrategien tek utgangspunkt i den som skal reise, og kva som må til for å få eit attraktivt kollektivtilbod. Dette inneber verkemiddel fylkeskommunen ikkje rår over aleine. Kollektivstrategien peiker såleis på ambisjonar vi har på vegne av våre samarbeidspartner, som stiller seg bak dei same måla.

Kollektivtrafikken sitt behov for infrastruktur og andre framkomsttiltak heng tett saman med tilbodsutviklinga som fylkeskommunen og Skyss står for. Ambisjonen er at kollektivstrategien skal bidra inn i arbeid med planar og utgreiingar også hjå kommunar og statlege etatar i fylket, slik at vi dreg i same retning.

Korleis blir vegval til tiltak?

Oppfølging av strategien vil skje gjennom eit eige handlingsprogram, kopla mot budsjettprosessar og andre relevante planprosessar.

Handlingsprogrammet vil vise dei prioriterte tiltaka som er moglege innanfor gjeldane økonomiske rammer.

Vi ønskjer å definere prioriterte tiltak i samarbeid med vegvesenet, kommunar og andre involverte partar. Tiltaka vil bli koordinert med mellom anna Bergensprogrammet og andre aktuelle planar og prosessar.

Ambisiøse mål krev felles innsats

Vårt felles nasjonale mål

Eit breitt fleirtall på Stortinget har gjennom Nasjonal Transportplan (2014–2023) og Klimaforliket sluttat seg til eit felles mål om at veksten i persontrafikken skal takast med miljøvennlege transportformer.

Det betyr nullvekst for personbiltrafikken til tross for venta auke i folketalet og vekst i trafikken.

Kollektivtransporten må ta den vesentlege delen av trafikkveksten.

Målet om vekst i kollektivtrafikken er satt både av omsyn til å sikre eit funksjonsdyktig samfunn med god mobilitet, og for å bidra til betre klima og miljø.

Kollektivtrafikken har også eit velferdsaspekt. Innbyggjarane skal ha eit tilbod for å kunne nå prioriterte reisemål.

Overordna mål for Hordaland

Regional Transportplan for Hordaland konkretiserer dei nasjonale måla om ny reisemiddelfordeling og nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet. Bergensområdet er her definert som Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

Omlag 90 prosent av kollektivreisene i Hordaland skjer i dag i Bergensområdet. Det er også her veksten i folketalet er venta å auke, og behovet for kollektive trafikkløysingar er størst.

Målet om nullvekst i privatbilismen og auka marknadsandelar for kollektivtrafikken er også eit svar på miljøutfordringane i Bergensområdet. Den største miljøgevinsten vil vi få ved å at fleire set frå seg bilen og reiser kollektivt.

Ut over måla om å unngå trafikkork og å betre miljøet, skal vi ha eit kollektivtilbod i heile fylket. Kollektivtilboden skal dekke mobilitetsbehov for innbyggjarane med eit overordna rutenett mellom

regionsentra og Bergen og strategisk viktige ruter på tvers mellom regionsentra.

Kva betyr målet om nullvekst i biltrafikken?

Folketalet i Hordaland vil auke med meir enn 20 prosent til 2030, og vi passerer 600 000 innbyggjarar i fylket. Veksten vil i all hovudsak skje i og rundt Bergen. Over halvparten av innbyggjarane vil vere busett i Bergen kommune, og godt over 70 prosent vil bu i Bergensområdet.


Prognosar viser at dersom vi held fram å reise som i dag, vil folkeveksten i Bergensområdet kunne gi totalt 450 000 nye daglege reiser i 2040. Legg vi nullvekst i privatbilismen til grunn, kan vi få 250 000 fleire daglege reiser med kollektivtransport. Desse kjem i tillegg til dei omlag 130 000 vi har i dag. Det tilsvarer ei auke på 200 prosent. Ny reisemiddelfordeling betyr også at 200 000 fleire enn i dag skal gå og sykle på sine reiser. Det vil vere nødvendig at dei miljøvennlege transportformene støtter opp under kvarandre.

Eit godt utvikla kollektivtilbod vil ikkje vere nok for å nå desse svært ambisiøse måla. Ein kvart million nye kollektivreiser vil krevje kraftfulle infrastrukturtiltak som sikrar god framkomst, restriksjonar på privatbilismen og eit utbyggingsmønster som bygger opp under kollektivtrafikken. Vi er samtidig avhengige av at det vert planlagt for å redusere transportbehovet.

Kostnader ved å auke kapasiteten

Vekst i kollektivtrafikken kostar. Sjølv om nye reisande gir inntekter vil kvar nye passasjer på buss eller bane i Bergensområdet koste fylkeskommunen nesten 10 kr. Målet om nullvekst i privatbilismen inneber at kollektivtrafikken i Bergensområdet har behov for tredobling i tilskott til drift i 2040, noko som betyr 6,5 prosent årleg auke i budsjetta. Dette viser analysar basert på passasjerprognosar og det ein reknar vil vere nødvendig auka kapasitet, både for buss, bane og båt.

Prognose for passasjervekst i Bergensområdet



Den venta folkeveksten i Bergensområdet vil medføre auka trafikk. Vi har fått utarbeidd prognosar for kva veksten vil kunne bety for kollektivtrafikken.


Prognosane viser 37 prosent auke i totalt antal reiser i Bergensområdet. Dette tilsvarer omlag 450 000 nye reiser kvar dag. Dersom personbiltrafikken ikkje skal auke, må ein fordele desse reisene som passasjerar i bil, sykkel, gange, og med kollektivtransport.

I figuren ser vi forventa vekst i talet på daglege reiser med dei ulike transportformene. For kollektivtrafikken er visert biletet ei dramatisk auke på 199 prosent. Dette betyr at vi må legge til rette for nesten 250 000 nye daglege passasjerar med kollektivtrafikken – mot omlag 125 000 i dag.

+249 000
reiser per dag
som er
+199%

Mykje er usikkert når vi skal sjå langt fram i tid, men det er tydeleg at dersom vi skal ta målet om nullvekst i personbiltrafikken alvorleg, er det behov for ei kraftig satsing på kollektivtrafikken.

Kvar kjem veksten?



Figuren viser folketal i kommunane i Hordaland. Den svarte delen av søylene er uttrykk for folketallet i 2013. Dei raude viser fylkeskommunen sine prognosar for vekst fram mot 2031.

Den største veksten er forventa i Bergen kommune. I reine tal er veksten i Bergen større enn det samla folketallet i dei fire nest største kommunane. I 2031 kjem godt over 70 prosent til å bu i dei tolv kommunane i Bergensområdet.

Det er nær samanheng mellom folketal, transportbehov og trafikkmengde. Der det er stor trafikk med trengsel og trafikkskapte miljøproblem har kollektivtrafikken særlege fordelar. Dette gjeld først og fremst i Bergen og omegn, der vi spesielt må satse for å nå miljømålet om å ta trafikkveksten kollektivt.

Dersom vi legg lineær vekst til grunn vil dette allereie i 2020 bety ei auke i driftstilskottet på 220 millionar kroner i løpende prisar, frå 377 millionar kroner i 2012 til 598 millionar kroner.

Prognosane legg til grunn ein jamm vekst i kollektivtilbodet i heile perioden fram mot 2040. I realiteten vil tilbodet auke i takt med utbygging av transportsystemet. Nye bybanestrekningars vil ha stor innverknad på kapasiteten. Tilskotsbehovet aukar difor vesentleg når nye strekningar er satt i drift.

Vi ser også auke i kostnader knytt til skuleskyss, mellom anna som følgje av nedlegging av skular og fleire elevar med rett på skyss. Andre kostnadsdriavarar knytt til lovendringar og nye pålagte oppgåver vil også påverke økonomien for kollektivtrafikken.

Inntektene utgjer ein skilnad

Tilskotsbehovet utgjer differansen mellom kostnader og billettinntekter, og inntektpotensialet er størst der det er fleste resiane. Prognosene for tilskott har lagt til grunn ein årleg prisvekst på 2,5 prosent for både kostnader og billettinteker. Dersom takstauken vert mindre vil det gi vesentlege utslag i behovet for tilskott.

Dersom ein til dømes valde å fryse takstane på dagens nivå, ville tilskotsbehovet vere 63 prosent høgare i 2040, frå 1 443 millionar kroner med 2,5 prosent prisvekst til 2 357 millionar kroner med nullvekst i billettpisane. Differansen utgjer over 900 millioner kroner. I 2020 vil tilsvarende differanse utgjere om lag 130 millionar kroner.

Kostnader til ny infrastruktur

I tillegg til drift av kollektivtilbodet, knyter det seg vesentlege investeringeskostnader til vidare utbygging av bybanenettet og til nødvendige infrastrukturtiltak. Dette er investeringar som i neste trinn også vil gi kostnader i form av drift og vedlikehald.

Store delar av kollektivreisene vil framleis gå med buss, sjølv med fullt utbygd bybanenett. Bybanen løyer difor ikkje alle framkomstproblema for kollektivtrafikken. Full framkomst vil krevje betydelege investeringar i infrastrukturtiltak på vegnettet.

Framtidig finansiering

Den venta trafikkveksten gir store finansielle utfordringar, både til investeringar og drift. Bymiljøavtalane som er varsle i Nasjonal transportplan, og avtale om belønningsmidlar vil vere rammeverka for statleg finansiering av kollektivsatsinga i åra framover. Ei anna mogleg finansiering av drift vil vere bruk av bompenger. Dette blir gjort i Oslo og Trondheim i dag.

Vårt ansvar

Fylkeskommunen har hovudansvaret for kollektivtrafikken i Hordaland og har etablert Skyss for å ta hand om utvikling og drift av kollektivtrafikken. Skyss planlegg linjenett og rutetilbod, og har ansvar for informasjon og marknadsføring av tilbodet.

Skyss tildeler kontraktar for køyring av buss, Bybanen, snøggbåt og ferjer i Hordaland gjennom anbodskonkurransar. Operatørselskapa får dermed ei viktig rolle. Desse selskapa sit med den operative planlegginga og står for den praktiske gjennomføringa ute i trafikken. God konkurranse i denne leverandørmarknaden har stor innverknad på dei økonomiske rammevilkåra i kollektivtrafikken. Anbodsprosessane og kontraktane er våre verkemiddel for å sikre at operatørene har insentiv til å bidra med å nå våre felles mål.

Felles innsats er nødvendig

Statens vegvesen fekk i 2011 utvida sektoransvar for vegtransportsystemet. I dette ligg eit ansvar for å vere pådrivar for betre kollektivtransport, og tilrettelegging for kollektivtransport på veg. Statens vegvesen har ansvar for riksvegane, og er fylkeskommunen sitt apparat for planlegging og gjennomføring av tiltak på fylkesvegane. Her ligg ansvaret for infrastrukturtiltak


som er nødvendige for å gjøre reise rask og forutsigbar, som til dømes kollektivfelt, gode knutepunkt og ulike vegtiltak.

Kommunane har ansvar for arealbruk og utbyggingsmønster, og legg med det viktige rammer for eit effektivt kollektivtilbod. I Bergen er kommunen tett kopla på utviklinga av kollektivsystemet som planmynningheit for bybanen og gjennom Bergensprogrammet. Kommunane rår også over verkemiddel som kan redusere biltrafikken, som til dømes parkeringsnormar og økonomiske tiltak som påverkar bilbruken. Restriktive tiltak for biltrafikken er avgjerande for å auke marknadsandelen for kollektivtrafikken.

Det er vedtatt ambisiøse mål for kollektivtrafikken, og ingen veit sikkert kva dette vil krevje framover. Men om vi skal ta måla på alvor er det nødvendig med vilje til innsats og prioritering av ressursar hos alle aktørane. Skal vi lukkast må vi samordne oss om viktige prosessar og prioriteringar.

Driftstilskott til kollektivtransporten i Bergensområdet

Med utgangspunkt i prognosene for passasjervekst for kollektivtrafikken i Bergensområdet (sjå s. 7) har ein rekna på kva ei slik auke i kapasiteten vil bety for driftskostnader og inntekter. Grafen viser behovet for driftstilskott i løpende prisar. Vi ser at det vil vere behov for ei tredobling av det offentlege tilskottet til drift i 2040. I prognosene legg ein til grunn ein årleg prisvekst 2,5% på både kostnader og inntekter.



3

Best tilbod der flest reiser

Målet er å gje eit best mogleg kollektivtilbod til flest mogleg av innbyggjarane i Hordaland, innanfor våre økonomiske rammer. Det gjer vi ved å tilpasse kollektivtilbodet til dei store reisestraumane i fylket.

Kollektivtrafikken er finansiert med offentlege midlar som alltid vil vere begrensa. Som eigar av kollektivtrafikken har fylkeskommunen ansvar for å utnytte desse ressursane godt og gjere riktige prioriteringar. Vi må utvikle tilbodet systematisk og med fagleg grunngjeving og dokumentasjon, og legge utvikling av reisemønstra i fylket til grunn.

Vi ser det som nødvendig å prioritere ressursane der transportbehovet er størst. Samstundes skal kollektivtilbodet vere eit attraktivt og tenleg tilbod for alle innbyggjarane i fylket. Vi må finne løysingar som er best for dei fleste, og må tåle å ikkje gjere alle til lags.

Det offentlege busstilbodet i fylket består av omlag 250 ulike linjer. Ein stor del av desse har få avgangar og svært låge passasjertal. Dei ti tyngste linjene, inkludert Bybanen, frakta i 2012 meir enn halvparten av alle kollektivreisande i fylket. Utviklinga av kollektivtransporten for å nå måla om ei anna reisemiddelfordeling i Bergensområdet vil koste. Det vil vere nødvendig å gjere prioriteringar og å fordele ressursane enno tydelegare. Ei differensiering av kollektivtilbodet vil innebere å velge bort nokre tilbod til fordel for andre.

Kollektivtrafikken fyller ulike funksjonar. I tettbygde strøk bidreg kollektivtrafikken til fungerande byområde ved å ta unna store trafikkmengder arealeffektivt og med mindre miljøbelasting enn ved bruk av bil.

I område der folk ikkje bur like tett, og det ikkje er mange som skal reise same veg, har kollektivtrafikken ein annan funksjon. Her skal kollektivtrafikken oppretthalde eit rimeleg nivå av mobilitet for den delen av

befolkninga som ikkje kan eller ønsker å bruke bil, og gi desse moglegheit til å nå til dømes skule og regionsenter.

Skyss vil styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane

Om vi skal auke kollektivandelen kraftig må vi satse der kollektivtrafikken har best føresetnader. På strekningar med store reisestraumar er det betydeleg potensial for fleire kollektivkundar og endring av transportmiddelfordelinga. På slike strekningar har vi gode moglegheter til å utvikle eit tilbod med høg frekvens og konkurrsedyktig reisetid. Det er mot desse strekningane den store kapasitetsauken må kome.

Det er også på desse mest trafikkerte områda at kollektivtrafikken kan spare oss for store utslepp og gi den største miljøgevinsten. Jo fleire folk det er på bussen, desto lågare blir utsleppet per reisande.

Eit tilbod med mange reisande gir gode inntekter til kollektivtrafikken. Dette kan vi utnytte til å utvikle gode tilbod med eit lågt tilskotsnivå. På slike strekningar får vi mykje kollektivtrafikk for pengane.

Skyss vil utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett

Vi vil utvikle eit kollektivnett som er enkelt å forstå og enkelt å ta seg fram i. Slik reduserer vi også barrierane for å ta kollektivtilbodet i bruk for nye reisande. Skyss har definert grunnprinsipp for utvikling av kollektivnettet, sjá faktaboks, som skal leggast til grunn for arbeidet.

I fleire område har vi kome eit stykke på veg i oppstramming av linjenettet. Omlegginga i Bergen med satsing på stamlinjene er eit eksempel på dette. Omleggingane i Hardanger og i kommunane vest for Bergen er også gjort med grunnlag i dei same prinsippa.

Grunnprinsipp for utvikling av kollektivnettet

Enkelt linjenett. Linjenettet skal ha færrest mogleg parallelle linjer, og variantar skal unngås på hovudforbindelsane. Dette vil gjere nettet lett å bruke og formidle. Sidan ressursane blir samla på færre linjer kan frekvensen på kvar enkelt linje vere høgare.

Høg frekvens. Ressursane skal prioriterast til områder med stort transportbehov, der eit godt tilbod med høg frekvens kan gi mange nye kundar. Høg frekvens vil også gjere det enklare å bytte, og redusere sårbarheit for forseinkingar ved bytte.

Linjeføring utan omvegar. Linjeføringa skal i størst mogleg grad gå rett fram mellom store reisemål, og skal prioriterast framfor omvegar som gir stor flatedekning. Færre omvegar gir raskare reiser og rom for høgare frekvens på linja.

Gode byttepunkt. Omstiging må aksepteras som ein nødvendig del av transportnettet. Viktige knutepunkt må legge til rette for optimale bytte, slik at både fysisk utforming, informasjon og korrespondanse mellom linjene står opp om effektiv omstiging.

Stive rutetider. Fast mellomrom mellom avgangane skal etterstrevast. Dette gjer det enklare for kunden å hugse rutetidene. Stive ruter gir også grunnlag for å takte fleire linjer mot felles knutepunkt, slik at overgangar til andre transportmiddel vert enklare.

Eintydig stoppmønster. Alle linjer skal betene alle haldeplassar langs linja, for å gjøre tilboden enkelt å forstå for kunden. Unntaket kan vere tydeleg definerte regionale stamlinjer, der bussane vil ha færre stopp langs ruta. På haldeplassane bussen stoppar skal passasjerar kunne gå både på og av.

Pendellinjer. Linjenettet i by skal i størst mogleg grad vere utforma slik at linjene pendlar gjennom sentrum/knutepunkt. Slik gir ein flest mogleg passasjerar direkte reisemoglegheiter og reduserer arealbehovet for bussen på sentrale og kostbare tomter.

Eitt reisenettverk. Den reisande skal i minst mogleg grad oppleve grenser mellom transportmiddelet og operatørar – dei ulike linjene skal spele saman og styrke kvarandre. Dette skal sikre at ressursane blir optimalt utnytta, og at kollektivtrafikken blir opplevd som eit heilskapleg tilbod.

Ventetid utgjer ein stor del av den samla reisetida med kollektivtrafikk. Ved å samle innsatsen mot høg frekvens på eit fåtal linjer blir den potensielle ventetida kort. Med høg frekvens i eit samanhengande linjenett med gode bytepunkt, vil kundane lett nå mange reisemål. Sjølv med bytte undervegs blir reisa effektiv.

Skyss vil vidareutvikle bystamlinjene

i Bergen

Utvikling av stamlinjer er eit godt grep for å styrke kollektivtransporten i byen og trekke til seg fleire reisande. Gode erfaringar med omlegging til stamlinjer i Bergen, og frå andre skandinaviske byar underbygger dette. Vi vil fortsette denne satsinga, auke kapasiteten og styrke stamlinjene i Bergen vidare.

Bystamlinjene skal vere det beste tilbodet i bytrafikken, og vere eit forutsigbart tilbod med høg frekvens og god kapasitet over store delar av døgnet. Bystamlinjene skal ha desse kjenneteikna:

- Høg frekvens og stive ruter; minimum 10-minutt på dagtid, og 20-minutt på kveld og helg
- Enkel linjeføring utan omvegar og variantar
- Bybane eller låg-golvsbusstar som sikrar rask på- og avstiging
- Høg kvalitet på haldeplassane, på store stoppestader også sanntidsinformasjon og billettautomatlar

Marknadsføring og synleggjering av stamlinjene som det enkleste og mest effektive tilbodet i Bergen vil vere nødvendig. For å bygge opp under passasjergrunnenget må det også leggast til rette for god tilkomst til sentrale haldeplassar på stamlinjene, både for gåande, syklande, og for overgang frå andre busslinjer.

Bybanen er vår fremste stamlinje, med stor kapasitet, høg frekvens og sikker framkomst. Desse eigenkapane vil vi også overføre til stamlinjer for bussar.

Stamlinjene vil vere prioriterte trasear når det gjeld tilrettelegging for framkomst for bussane og fysisk tilrettelegging på haldeplassane. Stamlinjene skal vere faste og langsiktige linjer, som vil ha ein strukurerande effekt på byutviklinga. Justeringar av stamlinjene vil likevel vere nødvendig som følge av utviding av Bybanen.

Skyss vil utvikle regionstamlinjer

i Bergensområdet

Hovudkorridorane i Bergensområdet går mellom Bergen og regionsentra Kleppstø og Straume i vest, Arna i aust, Frekhaug/Knarvik i nord og Os i sør. Folkeveksten fram mot 2030 vil i all hovudsak også vere koncentrert kring desse korridorane og regionsentra. Veksten i Bergensområdet vil gi ein større felles bu- og arbeidsmarknad. Nye veggtiltak vil også bidra til nye og forsterka pendlingstraumar i desse korridorane. Nytt Sotrasamband mot vest og strekninga vidare inn mot sentrum, Nyborgtunnellen mot nord og ny trasé mellom Os og Bergen vil ha stor innverknad på trafikkmønsteret, der det vil bli nødvendig å i vareta konkurransetilhøva for kollektivtrafikken.

Korridorane utgjer store reisestraumar som går ut over over bygrensene, men som likevel forsvarer eit hyppig kapasitetssterkt tilbod og god framkomst. Regionstamlinjer skal bidra til endring av reisemiddelfordeling ved å konkurrere med bilen. I tillegg til buss og bane vil også tog og snøggbåt kunne utgjere regionale stamlinjer, til dømes tog til Arna og på sikt vidare til Voss.

Regionstamlinjene vil ikkje kunne forsvere same frekvens som bystamlinjene. Eit særleg kjenneteikn vil vere færre stopp inn mot sentrum, som gir raskare reiser. Innfartsparkering i ytterpunktene av dei regionale stamlinjene, utanfor køstrekningane, vil auke marknadgrunnlaget og gi fleire reisande tilgang til eit kollek-

Bybanen i Bergen - vår fremste stamlinje

Bybanen opna for trafikk mellom Bergen sentrum og Nesttun sommaren 2010. Banen er eit nytt grep i kollektivtrafikken, og vil i stadig større grad vere hovudelementet for kollektivtilbodet i dei mest trafikkerte transportkorridorane i Bergen.

Etableringa av Bybanen har vore eit løft for kollektivtrafikken i Hordaland, og har bokstavleg tala «bana veg» for nye løysingar for kollektivtrafikken. Bybanen er i dag Skyss sitt viktigaste produkt, og det er stadig fleire reisande med Bybanen.


Bybanen har mange kjenneteikn som forklarer suksessen. Skyss vil ta desse gode eigenskapane med i utviklinga av dei andre stamlinjene, vi vil tenke bane - også der vi skal køre buss.



Bybanen har

- **høg frekvens og stor kapasitet.** Med avgang kvart femte minutt store delar av dagen treng dei reisande ikkje å bry seg om rutetabellen, og banen har kapasitet som tilsvarer 70–90 bussar i timen.
- **god og forutsigbar framkomst.** Banen går som hovudregel i eigen trasé og har prioritet i gater med anna trafikk og gjennom kryss.
- **rask av- og påstigning.** Det er ikkje salg ombord, og gjennomgåande universell utforming av vogner og haldeplassar.
- **høg kvalitet på haldeplassar,** med leskur, møblering og informasjon i gjenkjenneleg utforming.
- **tydeleg plass i bybildet** som gjer kollektivtrafikken som reisealternativ godt kjent, lett å sjå og lett å lære seg.
- **strukturerande effekt på byutviklinga.** Områda rundt haldeplassane blir attraktive for bustader, handel og arbeidsplassar, slik at Bybanen bygger opp under sitt eige marknadsgrunnlag.

Bystamlinjer i Bergen 2014



Prinsipp for utvikling av stamlinjer og hovedlinjer

A

Bergen bystamlinjer

- Betjener byområdet
- Pendlar gjennom sentrum
- Stopper på alle haldeplassar
- Frekvens: minimum 10 min. dag / 20 min. kveld
- Går alle dagar frå tidleg til seint

**B**


Bergen regionstamlinjer

- Betjener hovedkorridorane i Bergensområdet
- Endestopp på Bergen busstasjon
- I byområdet kun stopp i knutepunkt
- Frekvens: minimum 30 min. i høgtrafikk
- Går alle dagar frå tidleg til seint

C

Hordaland hovedlinjer

- Bind saman regionsentra i fylket
- Stopper på alle haldeplassar
- Frekvens vil variere
- Går alle dagar

**D**

Samordning i tynt befolka områder

- Åpne skulelinjer
- Lokale linjer
- Bestillingstrafikk
- Anna offentleg transport

tivtilbod med god frekvens og framkomst inn mot sentrum.

Dei regionale stamlinjene skal gi raske reiser i hovudkorridorane i Bergensområdet, og har desse kjenneteikna:

- Enkel linjeføring utan omvegar og variantar
- Færre stopp med lenger avstand mellom stoppestadane underveis
- Stopp på knutepunkt for rask omstiging til vidare reiser

Skyss vil knyte regionane i fylket saman

Kollektivtrafikken skal binde fylket saman gjennom å tilby reiser mellom regionane i fylket. Faste hovedlinjer skal utgjere grunnstrukturen i kollektivtilboden utanfor Bergensområdet og sikre tilkomst og kopling mellom regionsenter og større tettstader i Hordaland. Saman med lokale linjer vil vi ha eit linjenett for samanhengande reiser, på tvers av fylket og inn mot Bergen. Vi må og legge til rette for eit godt og stabilt tilbod inn mot Haugesund, som for store delar av Sunnhordland og Hardanger er eit viktig reisemål.

Det vert lagt til grunn at hovedlinjene har verdi for lokal og regional utvikling. Til dømes vil det gi eit tilbod til arbeidsreisande og vidaregåande skolelevar moglegheit for dagpendling. Slik vil linjene stø opp om større arbeids- og buområde .

Hovedlinjene kan kørast av både buss,bane og båt. Også kommersielle aktørar og andre offentlege kollektivtilbydarar kan stå for tilbuddet, til dømes lokaltog på Vossabanen og fylkeskryssande kommersielle busslinjer.

På same måte som stamlinjene skal dette vere eit stabilt tilbod, slik at passasjerane kan stole på at bussen, båten, eller toget vil gå her også i framtida.

Det betyr at linjeføringane ikkje skal endrast og at talet på ruter i utgangspunktet ikkje blir redusert.

Linjene skal utgjere ryggraden i kollektivnettet i distrikta, og har desse kjenneteikna:

- Linjer i viktige korridorar mellom regionsenter i fylket
- Enkel linjeføring utan omvegar og variantar
- God komfort

Skyss vil samordne offentleg transport i tynt befolka område

I delar av Hordaland er det ikkje befolningsgrunnlag for eit godt utbygd kollektivtilbod. I desse områda er det likevel eit samfunnsansvar å ivareta eit rimeleg nivå av mobilitet for befolkninga – utan bruk av bil.

Grunntilboden i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen. Dette bør vere eit tilbod som alle kan nytte seg av. Førsteprioritet vil vere å sikre skule-elevane sine rettar. Der vi utan vesentlege meirkostnader kan tilpasse linjeføring og rutetilbod til å nå fleire målgrupper, skal vi etterstreve dette.

Det vil vere område der trafikkgrunnlaget er for lite til å forsvare eit ordinært rutetilbod, og ein heller ikkje har miljøgevinst ved eit slikt tilbod. Skyss vil i desse områda vurdere fleksible løysingar for kollektivtrafikken, med mindre køyretøy og behovsbasert køyring. Eit opplegg med bestillingstransport er no under utprøving i eit område på Voss. Erfaringane frå dette vil påverke korleis slike tilbod vil bli utforma framover.

Samordning mellom kollektivtransport og andre offentlege transporttilbod vil kunne styrke grunntilboden ytterlegare.

4

Enkle reiser

Kollektivtrafikken skal vere eit enkelt og attraktivt reiseval. Den reisande skal møte eit tilbod som er lett å bruke og som held høg kvalitet - i heile reisekjeda.

Eit tilbod som dekker reisebehova er grunnleggjande for å lykkast med kollektivtransporten. Men vår evne til å presentere kollektivtrafikken på ein slik måte at kollektivtilboden blir oppfatta som eit attraktivt, enkelt og riktig val er også heilt sentralt for å få fleire reisande.

Relevant og lett tilgjengeleg basisinformasjon er nødvendig. Ekstra satsingar på marknadsføring og service vil vi gjennomføre etter dei same prioriteringane som vi gjer i utviklinga av transporttilboden. Det er i dei store reisestraumane, på stamlinjer og i viktige knutepunkt at vi når flest kundar.

Universell utforming ligg til grunn som premiss for utvikling av heile kollektivsystemet. Dette inneber at vi så langt som mogleg utformer løysingar som sikrar tilgjenge for alle, utan spesielle tiltak for særskilde grupper. Slik universell utforming av til dømes knutepunkt og haldeplassar, bussar og ruteinformasjon er krevjande. Medan ein på nokre område kan finne løysingar som gjer det enklare å reise kollektivt for alle, uavhengig av funksjonsevne, vil det andre gonger vere motstridande behov hjå ulike grupper av dei reisande. Dialog med ulike brukargrupper er viktig i arbeidet med å gjere kollektivtilboden enkelt og tilgjengeleg for alle.

Skyss vil gjere det enkelt å finne relevant informasjon om reisa

Ein ny brukar treng mykje informasjon for å kunne planlegge reisa. Korleis reise kollektivt dit eg skal? Den som reiser ofte har behov for oppdatert og relevant informasjon undervegs. Er det forseinkingar på mi linje i ettermiddag?

Vi vil gjere informasjonen den reisande har behov for tilgjengeleg på ein samla måte, slik at ein kan planlegge reisa, finne ut av prisar og billettar og få informasjon undervegs i den same kanalen. Informasjonen skal vere relevant for den reisande – den informasjonen du har behov for, der du har behov for den. Samordning med reiseinformasjon frå andre aktørar enn Skyss, som til dømes NSB eller andre kommersielle transportørar, er også viktig. For kunden handlar det om å reise enkelt fra A til B – uavhengig av kven som har ansvar for transportmidlet ein sit i.

Kundane våre kan i dag nå oss og finne informasjon på nett, via mobilen, ved å besøke kundesenter eller ringe ruteopplysinga 177. Vi vil arbeide for å nå ut til kunden i dei kanalane kunden føretrekk og elles bruker. Med den teknologiske utviklinga er det vanskeleg å spå kva som er dei mest effektive informasjonskanalane i 2030. Trenden som er opplagt dei nærmaste åra er ein overgang til digitale kanalar, og spesielt bruk av mobile eininger. Vi er godt i gang med å leggje til rette for dette. Slike kanalar gjev også nye moglegheiter for å gje den reisande meir personleg tilpassa informasjon – til dømes ved at ein kan abonnere på informasjon om «sin» buss.

For å gi dei reisande aktuell, påliteleg og lett tilgjengeleg informasjon både før og under reisa, blir det no installert system for sanntidsinformasjon i bussane i Bergensområdet. Dette gjer det mogleg å vise informasjon om reelle ankomsttider på skilt og skjermar på haldeplassar og knutepunkt, og via mobil og web. På sikt vil vi utvide dette systemet, slik at slik informasjon blir tilgjengeleg via mobil og web i heile fylket, og på knutepunkt med stor trafikk.

Skyss vil gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne

Det må vere enkelt å finne ut kva type billett som er best egna til mine reisevaner, det skal vere raskt og

Enkelt å kjøpe billett

Mobilbillett er på plass i sone Bergen. I dag kan dei reisande kjøpe både enkeltbillett og periodebillett med bruk av mobilen. Ungdomsskyss kan kjøpast på mobil også utanfor sone Bergen. Ein enklare sonestruktur vil gjere det mogleg å utvide mobilløy-singa for heile fylket.



intuitivt å kjøpe denne, og kanalane for sal må vere tilpassa kundane sine behov.

Vi har eit komplisert utval av billettar, rabattar og kanalar for sal i dag. Første store steg i arbeidet med å gjere dette enklare er endring av sonestrukturen som ligg til grunn for takstane. Dette arbeidet er i gang. Ein enklare sonestruktur vil mellom anna gjere det mogleg å utvide løysingane som no er tilgjengelege i sone Bergen, til dømes mobilbilletten, til heile fylket. Vidare må vi forenkle prismodell, rabattstrukturen og talet på ulike typar billettar.

Forventninga til eit enkelt tilbod gjer at vi ikkje ønsker å differensiere billettprisane etter alle marknader og kundegrupper. Enkel prising inneber så få unntak, variantar og spesialbilletter som mogleg.

Billettar med fleire reiser, som til dømes periodebilletten, gir kunden den aller enklaste reisa. Slike billetter har også lågast kostnad for Skyss og dei mest trufaste kundane. Vi ønsker derfor ein relativ prisskilnad mellom ulike billettar som stimulerer til kjøp av billettar med fleire reiser.

Frå eit kundeperspektiv vil ein felles prismodell uavhengig av type transportmiddel, og takstsamarbeid mellom dei ulike aktørane, vere det enklaste og beste.

Skyss vil auke kunnskapen om kollektivreiser

Kollektivtrafikken gjev fordelar for den enkelte og er eit samfunns- og miljømessig riktig val. Vi må bygge opp og posisjonere kollektivtrafikken som eit godt og teneleg reisealternativ, ved å formidle desse fordelane. Dette handlar om haldningane til og kunnskapen om kollektivtrafikken, og er viktig for å tiltrekke oss nye kundar.

Det hjelpt lite å reklamere for eit godt kollektivtilbod dersom dette ikkje stemmer med realitetane. Men vi

veit at dei som ikkje reiser kollektivt er minst nøgde med kollektivtilboden og meiner derfor at det er behov for å auke folks kjennskap til kollektivtilboden. Vi har som mål å auke kjennskapen til dei faktiske reisemoglegheiter med kollektivtrafikk der den enkelte bur og arbeider. Vi vil rette marknadsføring av kollektivtilboden spesielt mot område som har eit tilbod med høg frekvens, der det er gjort forbetringar, eller spesielle marknadssegment med stort potensial. Spesielt vil vi arbeide for å nå dei arbeidsreisande i Bergensområdet, i denne målgruppa er potensialet for fleire reisande stort.

Til dømes vart det i samband med omlegging av tilboden på Sotra i 2013 sendt ut informasjon til husstandane i eit avgrensa område om at det no var høg frekvens på busstilboden inn mot Bergen. Eit anna døme kan vere å utarbeide tilrettelagte informasjons- eller kampanjeopplegg mot store arbeidsplassar, eller i samband med flytting og nytablering av bedrifter.

Skyss vil gjøre kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom

Vi vil vise veg til kollektivtilboden i omgjevnader og byrom gjennom å skilte til knutepunkt og viktige haldeplassar og å plassere ut informasjon om nærliggande kollektivtilbod på sentrale punkt der folk ferdes. Arbeidet med eit program for slik orienteringsdesign er i gang.

Bybanen i Bergen har gjort kollektivtrafikken til ein del av byen på ein ny måte. Traseen, skinnene og haldeplassane minner oss stadig om Bybanen som reisealternativ. Vi vil fortsette å ta med oss denne tankegangen over til buss-systemet i arbeidet med å gjøre kollektivtrafikken synleg langs dei tyngste busslinjene.

Skyss vil heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar

Knutepunkt og haldeplassar er sentrale for å gjøre det enkelt å reise kollektivt. Knutepunkta bind kollektiv-

Synleg og lett å finne fram

Kart Map

Linjer Services

Reisemål alfabetisk Destinations alphabetical

Synleg og lett å finne fram

Skyss vil gjøre det enkelt å orientere seg i kollektivsystemet. Her er døme på skilt og informasjon som vil bli plassert på knutepunkt og haldeplasser, samt på sentrale plassar i nærleiken av kollektivtilbod.

nettet saman ved å legge til rette for omstiging mellom ulike linjer og transportmiddel. I tillegg bidreg desse punkta til å gjøre kollektivtilbodet synleg i trafikkbildet, og har betydning for folks inntrykk av kollektivtransporten. Å heve både standard og funksjonalitet i knutepunkta og på haldeplassar er eit viktig grep for å heve kvaliteten i kollektivtilbodet.

Vi arbeider for at knutepunkt og mykje brukte haldeplassar skal stå fram med konsekvent og gjenkjennelig utforming av informasjon og andre fysiske element. Det skal vere lett tilgjengeleg og relevant informasjon om avgangstider og reisemoglegheiter. På utvalde knutepunkt og haldeplassar vil det vere sanntidsinformasjon og oppdatert informasjon om eventuelle avvik.

Kartlegging av knutepunkt rundt om i fylket viser at det er stort behov for oppgradering. Dette inneber også større infrastrukturtiltak for å gjøre knutepunkta meir effektive og funksjonelle både for dei reisande og for trafikkavviklinga.

Betre kvalitet på knutepunkt og haldeplasser

Det er gjort ei omfattande kartlegging av kollektivknotepunkt i fylket. 39 knotepunkt utanfor Bergen er nøyne vurdert. I tillegg er det gjort ei overordna vurdering av eit utval knotepunkt i Bergen. Formålet har vore å dokumentere status og behov for tiltak.

Kartlegginga utanfor Bergen viser at det er eit stort behov for opprusting. På dei aller fleste vil mindre tiltak som til dømes skilting ha stor verdi, men på 25 av knotepunkta er det større tiltak som må gjennomførast.

- Dei aller fleste knotepunkta er därleg tilrettelagt for reisande som ikkje er lokalkjent. Skilting av stadnamn og skilt som viser vegen mellom ulike reisemiddel er mangelfult. Stadnamn er som regel kunn skilta ved ferjeleie og jernbanestasjonar
- På ferjeleia er det mange stader därleg tilrettelagt for bussane. Det er heller ikkje tilrettelagt for kundar som skal bytte mellom reisemiddel, ved at bussen ikkje stopper i direkte tilknyting til ferje eller båt.
- Fleire av knotepunkta for buss fyller ikkje krava til universell utforming. Det manglar mellom anna plattformar og ledelinjer, belysning og informasjon til dei reisande.

Også i Bergen er standarden for knotepunkt og haldeplassar varierande. Haldeplassane knytt til Bybanen, og enkelte knotepunkt for buss er godt tilrettelagte og held høg standard. Andre sentrale haldeplassar for buss har store manglar når det gjeld informasjon til dei reisande, lehus og generelt vedlikehald.



5

Effektive reiser

Kollektivreisa skal vere eit reelt alternativ til bilen- også når det gjeld reisetid. I tillegg til rask framføring må kollektivtilbodet vere til å stole på. Avgangane går som planlagt og forseinkingane er minimale. Målet er at kollektivreiser er effektive og forutsigbare. Full framkomst er ein førestnad for å nå eit slikt mål.

I byen vil mange ønske å klare seg utan bil for sine kvardagsreiser. I konkurransen med privatbilen vil frekvens vere eit hovudpunkt. Høg frekvens gir stor fleksibilitet og trygghet i kvardagen- det går alltid ein buss. Samstundes som bussen skal ha høg frekvens, må bussen komme raskt fram og ikkje stå i same køa som bilane.

Dårleg framkomst for bussane er ei utfordring i dei sentrale delane av Bergensområdet. Analyser av bussane sine køyretider viser at det er store forseinkingar i rushtida, både inn og ut av Bergen. I dag vel mange privatbilen fordi det rett og slett tek for lang tid å reise kollektivt.

Rask og effektiv framføring for bussane er grunnleggjande for å kunne levere eit godt tilbod til dei reisande. Betre framkomst vil bety at bussen er i rute. I tillegg blir reisetida kortare, det blir mindre trengsel og betre komfort om bord. Raskare framføring gir også moglegheit for høgare frekvens - som eit fleirtal av dei reisande set høgt.

Buss i kø er dyrt. Forseinkingane medfører store samfunnsøkonomiske kostnader. Skyss og fylkeskommunen har direkte kostnader ved forseinkingane. Dette er ressursar som kunne vore frigjort til å betre og forsterke tilbodet.

Bybanen er eit stort løft for kollektivtrafikken i Bergen. Noko av årsaken til passasjersuksessen ligg i at banen har tilnærma full framkomst gjennom byområdet. Likevel vil bussane fortsatt spele ei avgjerande rolle i

kollektivsystemet i Bergen. Sjølv med eit fullt utbygd bybanenett vil omlag 60 prosent av kollektivreisene gå med buss i Bergensområdet i 2040. Bybanen løyser altså ikkje allein utfordringa med framkomst for kollektivtrafikken.

For å få bussane effektiv fram er det nødvendig å ha eit breitt perspektiv på verkemiddelbruken. Vi må sjå på alle faktorane som påverkar reisetida - og forbetra alle desse. Det gjeld både å betre framkomsten i eksisterande linjenett, og i planlegging av nye utbyggingsområde.

Innsats som vil utgjere den største forskjellen vil vere ein kombinasjon av tiltak som gir gode og stabile køyre-tider for bussane og restriktive tiltak for privatbilen. Ansvaret for desse verkemidla er ikkje samla hjå ein aktør. Eit løft for framkomsten for kollektivtrafikken vil kreve samordna innsats frå mange aktørar.

Skyss vil redusere tida bussen står på haldeplass

Skyss vil fortsette arbeidet med å få ned tida bussen står på haldeplassen. Viktige tiltak er å legge til rette for salskanalar som reduserer salet av billettar om bord i bussen, nytte bussmateriell som gir rask av- og påstiging og å auke haldeplassavstandane der det gir gode effektar på reisetid.

Med innføringa av sanntidssystemet i Bergensområdet ligg det i bussane teknisk til rette for å ta i bruk aktiv signalprioritering. Her vil det vere viktig å koordinere val av løysingar og omfang mellom Statens vegvesen, vegeigar og Skyss.

Skyss vil ha infrastrukturtiltak som får bussen fram

Statens vegvesen har kartlagt utfordringar med framkomst for busstrafikken langs hovudkorridorene inn mot Bergen, og gjennom Bergen sentrum. Utgreiinga slår fast behovet for dedikerte kollektiv-

Full framkomst for kollektivtrafikken

Kapasitet i dag. Delar av transportsystemet i Bergensområdet har klare kapasitetsproblem i dag. Dette er ei stor utfordring for kollektivtrafikken, slår ei utgreiing frå Statens vegvesen Region vest fast. Hastigheita for bussen på stamlinjer og viktige veglenker er til dels svært låg.

Med forventa utvikling i folketal og trafikk vil problema auke. Sjølv med eit desentralisert utbyggingsmønster må ein rekne med vesentleg auke i den sentrumsretta trafikken. Denne etterspurnaden må i stor grad handterast av kollektive transportmiddelet og sykkelen.

Behov for tiltak for buss. Vegvesenet peiker på at sjølv om bybanesystemet vil auke kapasiteten for persontransport på viktige strekningar, vil det vere behov for tiltak for å betre tilhøva for bussane. Bybanen vil ikkje dekke alle viktige relasjonar, og kapasiteten på utbygde strekningar er allereie «sprengt» delar av døgnet. Dei meiner derfor at kollektivsystemet må bli vesentleg betre, og at eit viktig verkemiddel er å sikre god og uhindra framkomst for busstrafikken.

I svært mange tilfelle vil dette bety eigne felt eller trasear på strekningar der bussen er hindra, skriv vegvesenet, slik at ein kan få same prioritet for bussane som for Bybanen. Ein forutset at det er vilje til å ta nødvendige tiltak i bruk for å gi kollektivtrafikken prioritet, sjølv om dette går utover framkomsten for anna motorisert trafikk.

Prioriterte område. Statens vegvesen anbefaler at det blir bygd opp under ein «stamme» for kollektivtransportsystemet som på sikt vil gi eit meir robust og kapasitetssterkt kollektivsystem. Bybanen skal

vere ryggraden i dette, men det er likevel nødvendig med stor innsats med buss for å ta veksten i persontransporten.

Vegvesenet meiner at tiltak som sikrar bussane framkomst på innfartsårene til Bergen må prioriterast. På desse strekningane vil ekspressbussar, omfattande trafikk med lokalbuss, samt regionale- og langdistansebussar få stadig større problem når trengselen auker.

I Bergen sentrum blir det peikt på at det er nødvendig å fjerne biltrafikk, og at sykkel- og gangtrafikk må regulerast dersom området ved Festplassen og i Olav Kyrres gate fortsatt skal vere det sentrale knutepunktet for buss.

Det blir i utgreiinga peikt på mange flaskehalsar i kollektivsystemet vegvesenet meiner er viktige å fjerne. Her blir det vist til fleire moglege tiltak i ei «verktøykasse» for å gi busstrafikken framkomst i bytrafikken (sjå neste side).



Verktøykasse for framkomst for buss

Statens vegvesen Region vest peiker på følgjande verkemiddel som dei mest aktuelle:

- Ta 2 av 4 felt til kollektivfelt (alternativt sambruksfelt) på eksisterande 4-feltsvegar
- Byggje nye kollektivfelt langs eksisterande vegen
- Etablere «snarvegar» for buss
- Omdisponere eksisterande gateareal i byen, ved til dømes å ta heile gateløp til «rein» kollektivgate, eller endre gate med tovegstrafikk til einvegstrafikk + kollektivfelt
- Aktiv signalprioritering (ASP) i kryss for å prioritere buss
- Effektivisere terminalar/bytepunkt
- Kantstopp erstattar busslommar
- Kryssløysningar som prioriterer buss (filterfelt, bypass-felt osv.)
- Endre krysstype frå rundkjøring til signalregulert for å kunne prioritere buss
- Endre fartshumper til fartsputer der det går buss
- Auke kapasitet på, og optimalisere avstand mellom haldeplasser

Tiltak basert på denne verktøykassa vil måtte utgreiaast nærmare, knytt til den aktuelle strekninga.



Gateareal omgjort til kollektivgate.



Kollektivfelt og kantstopp.

trasear langs korridorane, og det vert vist til konkrete tiltak som bør vurderast for å betre framkomsten for busstrafikken.

Det vil vere behov for sterke busslinjer, sjølv med fullt utbygd bybane mot nord og vest. Som vegvesenet også peiker på, vil Skyss ha tiltak som sikrar betre framkomst for bussane i stamlinjetraseane. Dette er nødvendig for å lykkast med kollektivsatsinga – for å få høg frekvens, forutsigbar reisetid og effektiv drift. Verkemiddel som kollektivfelt, «snarvegar» for buss og signalprioritering må takast i bruk.

I tillegg må det bli prioritert eigne tiltak som sikrar plass og betrar framkomsten for bussane i Bergen sentrum. Å sikre plass til bussane i sentrum er viktig både Bergen og i andre byar og tettstader i fylket.

Skyss vil ha restriktive tiltak for biltrafikken

Restriktive tiltak for biltrafikken er eit av dei mest effektive verkemidla for å betre trafikkavviklinga i område som er prega av kø og saktegåande trafikk. Bilrestriktive tiltak kan enten vere å ta i bruk prismekanismer eller å redusere talet på parkeringsplassar. Det er behov for slike tiltak i Bergensområdet.

Økonomiske tiltak er i hovudsak knytt til bompengeavgifter. Innkreving av bompengar er avhengig av forankring og vedtak i kommunane det gjeld. Ulike verkemiddel som til dømes rushtidsavgift, lågutsleppsoner og miljødifferensierte takstar kan forsterke den restriktive effekten.

Kommunane er ansvarleg for parkeringspolitikken. Det gjeld både avgiftsnivå og tilgang til parkeringsplassar. Den viktigaste faktoren for om ein reiser kollektivt til jobb er tilgangen på parkeringsplass. Restriktive parkeringsnormar er såleis eit kraftfullt verkemiddel.


Skyss vil ha kollektivorientert byutvikling

Fortetting og konsentrert byutvikling er ein føresetnad for å utvikle eit godt og attraktivt kollektivtilbod i vekstområda. På den andre sida er eit godt kollektivtilbod også ein nøkkelfaktor for ei velfungerande byutvikling. Arealbruk og utbyggingsmønster som byggjer opp under dei miljøvenlege trafikkformene er avgjerdande for at kollektiv, gang og sykkel skal ta trafikkveksten. Byutvikling og kollektivtrafikk må bygge opp under kvarandre.

Areal- og transportplanar må vektlegge konsentrasjon av bustader og arbeidsplassar i kollektivaksar, rundt bydelsentra og kollektivknutepunkt. Tett utbyggingsmønster med gangavstand til haldeplassar er nødvendig. Til dømes vil utbyggingsområde med ein kilometer avstand fra stamlinjenettet ikkje gje god kollektivdekning. Val av nye bybanetrasear vil ha stor innverknad på korleis byen utviklar seg og korleis kollektivtilbodet som heilskap må planleggast gjennom effektive linjenett og knutepunkt.

Skyss vil stø opp under ei slik utvikling, og bidra med grunnlagsdokumentasjon og faglege vurderinger i planprosessar som omhandlar areal og transportutvikling i byområda.

Kollektivorientert byutvikling



6

Miljøvenleg drift

Vårt viktigaste miljøbidrag er å få fleire til setje frå seg bilen og reise kollektivt. I tillegg vil meir miljøvenleg teknologi og drivstoff bidra til redusere miljøbelastninga.

Miljøstrategi for Skyss vart vedteke i fylkesutvalet i desember 2013. Miljøstrategien har vore ein del av arbeidet med kollektivstrategien, og legg til grunn det overordna målet om å ta trafikkveksten gjennom miljøvenlege transportformer.

Miljøstrategien skal vere retningsgivande for arbeidet med nye kollektivanbod når det gjeld val av teknologi og drivstoff. Følgjande gir eit utdrag frå strategien, som viser nokre hovudpunkt for Skyss sitt vidare arbeid.

Skyss vil ha låge utslepp frå busstrafikk

Skyss stiller strenge miljøkrav til alle sine bussar, og snittalderen på bussane i og rundt Bergen var i 2012 to og eit halvt år. Utsleppa av partiklar og NO_x frå bussane i dette området er redusert med over 90 prosent gjennom fornying av bussmateriellet.

Sjølv om NO_x-utsleppa har gått kraftig ned, har ikkje utsleppa av NO₂ gått ned i same grad. Utslepp av CO₂ er omlag på same nivå som utslepp frå bussparken før dei første anboda.

Skyss har eit langsignt mål om utsleppsfree busstrafikk. Vi ser at elektrisk drift har store miljøfordelar, og vil vidareutvikle bruk av elektrisitet som framdriftssteknologi. Batteridrevne bussar og moglegheit for utvida bruk av trolleybuss vil bli vurdert fram mot neste bussanbod i Bergensområdet.

I Bergensområdet vil vi også satse på biogass, som er eit CO₂-nøytralt drivstoff. Det er etablert eit samarbeid med Bergen kommune om bruk av biogass frå eit anlegg som no blir etablert i kommunen.

Biogassanlegget vil ha kapasitet til å dekke forbruket

til gassbussane som går i Bergen i dag. Skyss vil vurdere å auke talet på gassbussar i takt med tilgangen på lokalprodusert biogass.

Skyss vil redusere miljøbelastning frå båt og ferjetrafikk

Transport på sjø er energikrevjande, og står for ei relativt stor miljøbelasting i dag. Skyss vil redusere utslepp frå ferjer og båtar gjennom fornying av materiell. I nye anbod kan vi stille krav til materiell og teknologiløysing. Både batteridrift, gassdrift og hybridløysingar vil vere aktuelle løysingar, og som må vurderast for det enkelte sambandet. Fornying av ferjer og båtar er kostnadskrevjande og må gjennomførast over eit lengre tidsrom.

Konkret er det eit arbeid i gong for å undersøke løysingar for å få båtsambandet mellom Askøy og Bergen over på elektrisk drift.

Skyss vil i større grad tilpasse tilbodet med båt og ferje til trafikkgrunnlaget, og vil vere restriktiv med å tilby snøggbåt der buss er eit konkurransedyktig alternativ.

Skyss vil vere pådrivar for forsking og fagleg utvikling

Skyss er faginstans for kollektivtrafikken og har ansvar for å bidra til den faglege og teknologiske utviklinga innfor kollektivtransport.

Vi ønskjer å vere ein aktiv innovasjons- og utviklingspartner i samarbeid med andre offentlege og private verksemder og forskingsmiljø. Til dømes har Skyss no teke initiativ til eit utviklings- og demonstrasjonsprosjekt for å teste ny teknologi for gasshybridbussar i Bergen.

Skyss tester biogasshybridbussar

EU-prosjektet BalticBiogasBus har nyleg vurdert ulike framdriftsteknologiar for buss. Prosjektet konkluderte med at ei hybridløysing med biogass og batteri vil ha mange miljøfordelar. Analyser viser at ein slik buss vil bruke 30 prosent mindre energi enn ein konvensjonell buss.

Skyss har teke initiativ til eit utviklings- og demonstrasjonsprosjekt for å teste ut teknologi for biogasshybridbussar i Bergen. Vi har fått tilslagn om midlar frå EU og Transnova, og fylkeskommunen har stilt til rådvelde inntil 10 millionar kroner til test og utvikling av teknologi for biogasshybridbussar i Bergen.



Ruter tester hydrogenbussar

I Oslo og Akershus tester Ruter ut nye hydrogen-bussar som ikkje har miljøskadelege utslepp i bruk. Dette er ein del av EU-prosjektet Clean Hydrogen in European Cities, og er støtta av mellom anna Transnova og Forskningsrådet.

Prosjektet vil vurdere dei miljømessige, økonomiske og sosiale resultata ved bruk av slike bussar. Målet er å bidra til å vidareutvikle hydrogenteknologien til bruk i ordinær drift.

Skyss, Ruter og andre kollektivselskap i Norge har etablerte samarbeid for å dele erfaringar, mellom anna gjennom Kollektivtrafikkforeningen.



Kjelder og dokumentasjon

Dokumentasjon frå arbeidet med kollektivstrategien er samla her:

[www.Skyss.no/rapportar og planar](http://www.Skyss.no/rapportar_og_planar)
www.hfk.no/kollektivstrategi
[www.hfk/regionalutvikling/kart og statistikk](http://www.hfk/regionalutvikling/kart_og_statistikk)

Dokumentet

Foto:

Framside: Morten Wanvik

Side 15: Atle Kårstad

Side 25: Rambøll

Side 28: Morten Wanvik

Illustrasjonar:


Side 21: Orangeriet

Side 23: Anti Inc Bergen

Layout

og andre illustrasjonar:

Truls Lange, Civitas



Kollektivstrategi for Hordaland

Høyringsutkast

Januar 2014



Hordaland fylkeskommune

v/ Skyss

Besøksadresse

Vestre Strømkaien 9, Bergen

Postadresse

Postboks 7900, 5020 Bergen

Telefon

+47 55 23 95 50

E-post

skyss@skyss.no